



ULSTEIN KOMMUNE



Skulehelsetenesta Ulsteinvik barneskule våren 2026

Skulehelsetenesta driv førebyggjande helsearbeid for barn og unge, og følgjer nasjonale retningslinjer frå Helsedirektoratet.

Helsesjukepleiar samarbeider med skulen og heimen og kommunale tenester som fastlege, fysioterapeut, ernæringsfysiolog, foreldrerettleiar, psykolog, PPT og barnevern.

TILBOD TIL ALLE ELEVAR DETTE SKULEÅRET:

- 1.trinn: Skulestartundersøking på helsestasjonen.
- 2.trinn: Vaksine mot kikhoste, difteri, stivkrampe, polio.
- 3.trinn: Individuell samtale. Måling av høgde og vekt. Helseopplysning i klassa – eigenomsorg.
- 5.trinn: Helseopplysning i klassa – pubertet.
- 6.trinn: Vaksine mot meslingar, kuma, røde hunder.
- 7.trinn: Vaksine mot humant papillomavirus (HPV).
Helseopplysning i klassa – kropp og identitet

Vi har gjerne undervisning om andre tema etter forespørsel og avtale med kontaktlærer og føresette. Det blir sendt ut informasjon før kvar vaksine.

Vi tilbyr oppfølging av enkeltelevar som har behov for det. ***Helsesjukepleiar har treffetid på Ulsteinvik barneskule måndag-torsdag kl. 09-14.*** Då kan elevane ta kontakt sjølv, via lærar eller føresette. De kan elles kontakte oss på telefon, e-post eller via www.helsenorge.no heile veka.

Vi ynskjer tett samarbeid med heimen. Ta kontakt tidleg ved spørsmål eller bekymringar, til dømes

- vedrørande:
- Venskap, trivsel, mobbing
 - Heimeforhold
 - Søvn, kosthald og fysisk aktivitet
 - Syn og hørsel
 - Fysiske og psykiske helseplager, utvikling
 - Foreldrerolle

Det treng ikkje vere store spørsmål eller vanskar – ta kontakt ved behov. Helsesjukepleiar har teieplikt. Det betyr at det som blir sagt mellom helsesjukepleiar og elev/føresette, kun blir formidla vidare til andre med samtykke. Vi ser fram til godt samarbeid!

Med beste helsing

Cathrine R. Strømsnes Follestad, helsesjukepleiar

Tlf: 47 75 38 35 Mail: cathrine.follestad@ulstein.kommune.no

eller melding via www.helsenorge.no